

# Inviterer barnefamiljar og einslege ombord julaftan

24 KULTUR

Laurdag 14. desember 2019

NORDHORDLAND

## Inviterer barnefamiljar og einslege ombord julaftan

**Saman med Robin Hood Huset og Kirkens Bymisjon, inviterer Fjord Line til ei samkome på sjølvaste julaftan.**

SIRILL HEIMDAL  
sirill.heimdal@nordhordland.no

Dagleg leiar i Robin Hood Huset, Marcos Amano, er takknemleg for å kunne vere med på å arrangere noko for barnefamiljar og einslege på ettermiddagen sjølvaste julaftan.

- Robin Hood Huset har alltid halde ope på formiddagen julaftan, så også i år. Det er godt å kunne tilby noko også på ettermiddagen saman med ein samarbeidspartnar som Fjord Line, seier han i ei pressemelding.

Vidare seier Amano at jula er ekstra vanskeleg når ein har dårleg råd, eller er åleine.

- Det å kunne ete eit hyggeleg måltid i fine omgjevnadar saman med andre på julaftan, betyr mykje. Og så er det nok mange som gler seg til at nissen kjem, seier han.

I pressemeldinga skriv Fjord Line at det er eit rusfritt arrangement kor målet er å gje dei som er åleine i julehøgtida ei hyggeleg feiring saman med alt som høyrer jula til. Åse Christensen, tiltaks- og prosjektleiar



**JUL OMBORD:** Kirkens Bymisjon seier det allerieie er fleire som har meldt seg på arrangementet julaftan.

FOTO: FJORD LINE

for avdeling Oppvekst og Mangfold i Kirkens Bymisjon, fortel at dei allerieie har fått fleire tilbakemeldingar frå gjestar som vil kome på julaftan.

- Tilbakemeldingane er at dette er fantastisk og utruleg gøy. Dei har allerieie meldt seg på og kjem om bord med heile familien, seier ho.

Ifølgje pressemeldinga har Fjord Line jobba med arrangementet sidan i haust.

- Det er med glede at vi har fått moglegheit til å arrangere dette om bord. Vi vonar arrangementet blir tatt godt i mot, seier Kenneth Smordal, salsjef i Fjord Line. Han forklarar at feiringa er for alle som kjenner

seg åleine i høgtida, og at mannskapet som er om bord ser fram til å ta i mot gjestane.

- Eg blir varm om hjarta når eg tenkjer på at vi kan få lov til å hjelpe folk i ein periode som er tøff for enkelte. Vi skal gjere alt for at det blir ein flott julaftan for alle som kjem, avsluttar han.

### DETTE SKJER:

MS «Bergensfjord» kjem til Bergen kl. 12.30 på julaftan. Då står dei tilsette klar til å ta imot gjestar. Sjølvaste feiringa vil vare til klokka 16.00. Julebuffet, kake, kaffe og mineralvatn i Commander Buffet. Besøk av julenissen.

### Sudoku

5	4	8	1		2		9	
	1	2			6	4		7
	9			8	6			2
		6	8		7	3		
7			5		1	9		
	2	1	9	3				6
		9	6	4	8	2		
	8			5		1		
4								

Lett

6				9	5			
			1	6				9
	4		3			5	6	
	6			4				8
	9		8				2	
		2		3	7			
7	8		9		2			
1		6					9	
					1			

Vanskelig

### pondus

